

UTLÅNSREGLAR FOR SOLUND BIBLIOTEK

1.Lånerett - lånetid

Alle har rett til å låne på biblioteket gratis.

Biblioteket har bøker, oppslagsverk, tidsskrift, lydbøker, storskriftbøker, DVD, språkkurs og musikk. Det meste av materialet kan lånast heim.

Lånetida er normalt 8 veker eller to månadar. Ein har høve til å fornye lånet dersom ikkje venteliste. Nytt og etterspurt materiale er det 4 veker på, og kan normalt ikkje fornyast.

2.Lånekort.

Alle kan få lånekort frå fylte 6 år eller skulestart. Born under skulealder må låne på foreldra sitt lånekort.

3.Tinging av bøker

Ynskjer du å låne ei bok som er utlånt, kan du verte oppført på venteliste. Du får melding når boka kan hentast.

4.Lån frå andre bibliotek (fjernlån)

Bøker som ikkje finst i biblioteket si samling, kan i dei fleste høve lånast frå andre bibliotek.

5.Lånaren sine plikter

- å handsame bøker o.a. pent
- å levere til rett tid
- erstatte skada og tapt materiell

6. Purring

Bøker som ikkje er levert til avtalt tid, vert purra. Det er eit purregebyr på kr. 0,- på 1. purring, kr.10.00 på 2. purring og kr 20,- på 3. purring. Etter 3 purringar sendt erstatningskrav/rekning.

Erstatningsprisar: DVD'er: Kr 200,- Bøker m.m.: Kr 100,- - kr 500,- (etter skjønn)

Lånaren kan misse retten til å låne dersom reglane ikkje vert følgde.

REGLAR FOR UTLÅN AV DVD/VIDEO

- 1 All DVD utlån frå biblioteket er gratis.
- 2 Alle lånarar av dvd'ar skal registrerast.
- 3 Aldersgrense ved lån av dvd'ar er 10 år. Barn/ungdom mellom 10-16 år må ha føresette si godkjenning ved utlån. Dvd'ane er merka med tilrådde aldersgrenser. Desse vil bli strengt handheva.
- 4 Utlånstid er 2 veker, med unntak av nye og etterspurde DVD'ar. Ved for sein innlevering vil det verte kravd inn overtidsgebyr på kr 10,- pr. opningsdag.
- 5 Lånaren kan ikkje låne meir enn 6 dvd'ar om gangen.
- 6 Det er ikkje lov å kopiere dvdplatene.
- 7 Ein skal ikkje bruke dvd'en for framsyning i andre samanhengar enn dei som er opplyst/avmerkt på etiketten.
- 8 Lånetakaren er personleg ansvarleg for lånte dvd 'ar. Det er ikkje tillete med vidarelån. Defekte og bortkomne dvdplater skal erstattast med kr 200,- pr. dvd.
- 9 Dvd'platene skal handsamast forsiktig. Lånaren skal gi biblioteket beskjed dersom det vert registrert feil ved dvdplatene.